

Strandelva kraftverk kommentar fra NVE

Inngrepet i nedre del av tiltaksområdet (fra kraftstasjon og til tunnelpåhugget) vil mest sannsynlig være avgjørende for konsesjonsspørsmålet. Vi trenger bedre kart for å vurdere inngrepets omfang. På detaljkartet bør anleggsvei (anleggsbredde), rørgatetrasé (anleggsbredde), riggområde, sedimenteringsbasseng og påhugg visualiseres/angis bedre på kart i minst A4-format. Marker samtidig de berørte naturtypelokalitetene.

Tilleggsutredning

Vi har trukket kraftstasjonen litt oppover slik at avstanden til senterlinja for Rv 660 blir 50 m.. For å gjøre inngrepet minst mulig planlegger å gjøre rørgatetraséen smalest mulig.

Tiltakshaver har fått Bioreg til å vurdere konsekvenser av inngrepet for naturtypen edelløvskog. Nedenfor siters fra Bioreg sine vurderinger. Nytt detaljkartkart fins vedlagt.

Situasjonen

Detaljkartet viser at om lag halvparten av rørgatetraseen samt tunnelpåhogget vert liggjande innanfor ein verdfull edellauvskog. Lokaliteten er stor og omfattar det meste av lia sør for Strandelva og ganske langt innover fjorden.

Artsmangfald

Den delen av området som vert rørt ved at tiltaket har eit ganske stort artsamangfald av karplantar, lav (lungeneversamfunnet) og mosar, men ingen særskilde sjeldne eller krevjande artar som ikkje også vart påvist andre stadar innan lokaliteten. Det er påvist ganske mange raudlisteartar innan denne lokaliteten, men trass i at den delen som her vert påverka, også er den delen av lokaliteten som er best undersøkt, så vart det ikkje funne raudlisteartar her. Dei er lokalisert lenger sør i lokaliteten. Det ville til dømes ha vore katastrofalt om den svært sjeldne Entoloma callirhodon (EN) hadde vore lokalisert til rørgatetraseen, dette fordi graving øydelegg soppmycela i jorda slik at soppen forsvinn.

Eventuelle negative verknadar

Det er klart at dei inngrepa som vert gjort innanfor det grønkraverte området i første omgang vil påverka negativt både karplantevegetasjonen og dei terrestriske kryptogamane slik som til dømes lungeneversamfunnet på gamle rognetre osp i første omgang.

Restaureringspotensiale

Artane som vert negativt påverka her er ganske utbreidd, også utanfor den delen av lokaliteten som vert påverka. Dette gjer at dei ganske raskt vil etablera seg på nytt når området etter kvart får liggja i fred for ytterlegare negativ påverknad. Det betyr at etter kvart som åra går kan ein forventa at vegetasjonen og tilhøva her vert om lag som før inngrepet.

Avbøtande tiltak

For at restaureringsprosessen skal ha størst mogleg høve til å lukkast, er det viktig at inngrepet ikkje vert større enn høgst naudsynt. Gamle rognetre og andre gamle tre med gode førekomstar av lungeneversamfunnet bør sparast så langt det let seg gjera. Trea må helst vera av noko alder for å kunne vera gode vertar for artar frå lungeneversamfunnet og det vil ta mange år før dei trea som er unge no vert gamle nok til å fungera like godt som dei som er gamle no. Det er med andre ord viktig at inngrep i slike område vert redusert til det absolutt naudsynte.

Raudlistearter innanfor den naturtypelokaliteten som vert berørt. Det er likevel ingen av desse som er påvist nord i lokaliteten der inngrepet kjem.

Kartskissa nedenfor viser dei viktigaste inngrepa i nedste delen av det planlagde Strandelva Kraftverk i Nesset kommune. Som ein ser så kjem om lag halvparten av den planlagde røyrkata innanfor det som vert kalla Lok. nr. 1. Eresfjorden: sør for Stranda (1 BN00022310) (Edellauvskog (D) av ymse utformingar, i BM-rapporten for tiltaket. Naturtypelokaliteten er her skravert med grønt.

